

Dansehelg på Klækken 26. - 27. september 2009

25 dansarar møttest på Klækken denne siste helga i september. Veret var strålende, og høgtrykket heldt seg heile helga, både i dansesalen og i den skjønne parken utafor kurslokalet.

Styret hadde laga eit variert program, med turdansar, bygdedansar, songdansar og gammaldansvariantar. Vi svikta både ein og fleire gonger på kvar fot på kvart steg, vi heldt i kvarandre på minst sju ulike vis, og vi song med den stemmen vi har. Vi skjemta om hendingar i notid og historisk tid, og vi var også over kjølen for å hente ein dans.

I Lancier fra Vardø var vi tre fulle kvadriljer, og Dagfinn Aa fekk oss langsomt, men sikkert til å danse både stilig og elegant. Dette er jo ein nydeleg dans. Han gjennomgjekk også Falkvord Lommannsson, som er ein av ringen sine favorittdansar. Og vi fekk kravla oss på skrå - først den eine vegen og så den andre vegen og så - så gjekk det trill rundt. Etter kvart blir nok dette til ein stilig Krabbelur, ein ny og artig dans å bli kjent med.

Per Kjenner instruerte i Kørsdans frå Valdres og Trekarspolska, og Siri Tverdal lærte oss Gamle Gunleik. Alle desse dansane var nye for mange av oss. Det var så god stjerning på golvet at desse dansane heilt sikkert blir å finne på danseprogrammet i ringen frametter. Vebjørn Bakken drog oss med i ein haug valsevariantar. Ingen var vanskelege, men det var mange av dei, og det gjekk raskt frå dans til dans.



Hotellet var enkelt og komfortabelt, og dei serverte god mat. I sal D hadde vi eit godt kurslokale. Og så lenge vi kunne halde dørene ut litt halvopne, var det òg nok luft.

Kurset var særst pedagogisk lagt opp. Alt det nye vart servert fyrste dagen. Så hadde vi middag og ein lang dansekveld og ei god natts svevn - og så hadde vi faktisk gløymt alt det nye. Men hjernen er fantastisk - når det har gått så kort tid som eit halvt døger, er det lett å hente ting opp att. Og repetisjon vart det ei god økt på sundag, så da vi dro frå kvarandre ved lunsjtider, syntest vi at vi kunne ein del nye dansar. Og så blir det repetisjon på tysdagane frametter. Lurt med ei slik dansehelg med breitt innhald tidleg på hausten, der sentrale dansar vert gjennomgått.

Laurdagskvelden var det felles dans, både Figaro. Fandango og Fransese blei dansa. Og så hadde Dagfinn laga spørrekonkurranse, og den var "ei blott til lyst". Her vart vi gruppevis prøvde m.a. i teorien rundt dansen. Men kor hadde hjernen tatt vegen?

Kurset var planlagt med cd-musikk. Ei gledeleg overrasking var at Martin Lorentzen, som til vanleg spelar for Hunar, dukka opp med trekkspel og forsterkar. Hans flotte spel og strålende humør gav laurdagen eit løft. Fint at noen ikkje vil danse, - berre spele.

Ein stor TAKK til styret for god planlegging, godt kursinnhald, dyktige instruktørar, flott hotell, smilande leiing, god mat og strålende sol. Vi blir gjerne med på ei liknande kurshelg også ved eit seinare høve.

Valbjørg Grønvik/Oskar Jahnsen